

# *Årsrapport 2025*



FRAMTIDSFYLKET  
VESTLAND

# *Innhald*

1. Om Framtidsfylket AS
2. Eit år med Framtidsfylket
3. Helsing frå dagleg leiar
4. Styret si melding
5. Tenester, produkt og aktivitet
5. Trainee
6. Event og profilering
7. Kommunikasjon og rekkevidde
8. Prioriterte berekraftsmål

# 1. Om Framtidsfylket AS

## Visjon

Framtidsfylket skal gjere Vestland til førstevalet for karriere. Ved å profilere arbeidslivet, tilby traineeprogram og heve kompetansen på arbeidsgivarane, blir vi synlege på arbeidsmarknaden og aukar sjansen for at arbeidstakarane vel Vestland.

## Verdiar

For å få til dette må vi vere ei **drivkraft** for rekrutteringsarbeidet i fylket. Vi skal ta initiativ og heie på andre sine initiativ som styrkar Vestland som arbeidsregion. Samtidig skal vi vere **rause** og dele av vår kunnskap og vårt nettverk, slik at arbeidsgivarane lettare kan tiltrekke seg folk. Til slutt skal vi vere **skarpe** i arbeidet vårt, i form av at vi er oppdaterte, treffsikre og «på». Summen av våre verdiar gjer oss til ei ledestjerne for rekrutteringsarbeidet i Vestland.

## For kven og kva?

Våre viktigaste tiltak for å få folk til å velje Vestland er eit velrenommert **traineeprogram**, kontinuerleg **profilering** av arbeidslivet, **medlemstenester** og **event**. Traineeprogrammet gjer det lettare å rekruttere unge menneske til fylket – og halde på dei. Historieforteljing set Vestland på kartet og inspirerer til å jobbe og bu her. Medlemstenestene hevar kompetansen på arbeidsgivarane, slik at fylket står sterkare i rekrutteringsarbeidet. Eventa våre skapar møteplassar for arbeidsgivarar og framtidig arbeidskraft.



*Drivkraft*



*Skarpe*



*Rause*

Når Framtidsfylket jobbar for visjonen sin, styrkar vi samtidig Vestland som ein sterk og føretrekt arbeidsregion lokalt, nasjonalt og internasjonalt. På den måten sikrar vi Vestland tilgang på framtidas kompetanse og arbeidskraft.

## Selskapsinformasjon:

- Framtidsfylket AS har kontor i Førde, Odda og Nordfjordeid
- Vårt organisasjonsnummer er 992 403 896.
- Aksjeselskap med 35 eigarar
- Registrert i Foretaksregisteret, mva.registeret, arbeidstakarregisteret
- Omsetnad i 2025 - 8,5 millionar
- Tal tilsette - 4 fast tilsette - alle kvinner
- Styret har 6 personar, 3 damer og 3 menn

# Eit år med Framtidsfylket

01

23 traineeear



02

1500 gjester på TA Steget karrieremassa

03

Sommarjobb i vest-kampanjen gav 1070 fleire sommarjobbar i Vestland. 25% auke frå året før



04

565% auke i synlegheit i Sosiale Medium

05

Sølv i NM i employer branding, Åpen klasse

Magnet Awards er ein prestisjefyllt, årleg konkurranse som heidrar dei ypperste prestasjonene innan employer branding



06

23 medieoppslag fordelt på heile fylket

07

130 deltakarar på FOLKA Rekrutteringskonferansen



## 2. Helsing frå leiar i Framtidsfylket



*Ser du på unge som  
ein ressurs - så blir dei  
ein ressurs*

”

Alle likar å få heder og ære. Vi i Framtidsfylket er ikkje noko unntak. **NM-sølv i employer branding** var utruleg stas.

NHO Vestland, NAV Vestland og Vestland fylkeskommune gav oss tillit til å levere **sommarjobbkampanjen** i 2025. Det vart ein suksess med 25% fleire stillingar enn året før og mange gode historier frå unge folk i arbeid. Takk for eit strålande samarbeid.

Vår eigen sommarvikar evaluerte **verdien av ein sommarjobb**. Det klare svaret er at ungdom blir ein ressurs om vi ser på dei som ein ressurs. Sommarjobben påvirkar i stor grad også val av karriere.

Vår **strategi er ny** og vi spissar grepet om å bli ein koordinator for ulike rekrutteringstiltak som kjem heile fylket til gode. Vi skal vere med å sette retning innan vårt felt, både oppover og nedover i fylkesstrukturen.

**Omstilling** er det begrepet som kanskje passar best på 2025. Vi har leia eit prosjekt, støtta av Vestland fylkeskommune og sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, der målet var å utvikle ein ny samarbeidsmodell for korleis tiltrekke og behalde nasjonal og internasjonal kompetanse i Vestland. Eit prosjekt med brei deltaking og der resultatet seier tydeleg at virkemiddelapparat og næringsutvklingsaktørar bør koordinere seg og samarbeide betre skal vi lukkast med å tette kompetansegapet.

**Omstillingstakta** i næringslivet og samfunnet er høg på mange felt, men rekrutteringsprosessane heng etter. Det er tydeleg når NHO kompetansebarometer år etter år melder om at ein ikkje får tak i relevant kompetanse. NAV sine rapportar viser også store gap mellom etterspørsel og tilbod. Dette dukkar vi inn i det kommande året. De som eigarar og medlemmer blir invitert med i arbeidet med å utvikle tenester og produkt som gir resultat.

- Linda Hovland

### 3. Styret si melding

2025 har vore eit år der styret og administrasjonen har hatt fokus på å sette ny retning for selskapet. I desembermøtet vedtok vi ny strategi. Ein liten administrasjon skal levere tenester i eit stort geografisk nedslagsfelt, noko som gjer at ein må spisse leveransen og vere tydeleg på kva andre kan forvente av oss.

Vi tek ei aktiv og spissa rolle i å vere ein overordna og koordinerande aktør for å tiltrekke og behalde kompetanse i heile Vestland. Tiltak vi sette i verk eller deltek i skal kunne overførast til fleire.

Framtidsfylket er ein aktør der det er ein miks av offentleg finansiering, prosjekttinntekter og kommersielt sal, noko som kan gjere at omsetninga og resultat varierer frå år til år. 2025 var eit år med høg aktivitet og rekordomsetnad med eit lite overskot. Det seier styret seg nøgd med. Ein er også opptatt av å ivareta den enkelte tilsette og fordele ressursane godt.

Traineeprogrammet er grunnpilaren i aktiviteten. Dei andre tenestene er støttespelarar som eit marknadsleiiande traineeprogram er avhengig av. Medlemstenestene hevar kompetansen på arbeidsgivarane, slik at fylket står sterkare i rekrutteringsarbeidet. Eventa våre skapar møteplassar for arbeidsgivarar og framtidig arbeidskraft.



Les vår nye  
**Strategi 2026- 2028**



#### Styret i Framtidsfylket

##### **Styreleiar:**

Nandor Helgheim, Eninvest

##### **Andre Styremedlemer**

Hilde Grinde, KP vest

Regine Johansen, Sogn og Fjordane Energi

Lars Endre Gimmetstad, Visit Nordfjord

Johanne Viken Sandnes, Sparebank1 SF

##### **Varamedlem**

Nils Johan Ystanes, Ineos Tyssedal


Styret har hatt 7 møter og ei strategisamling i 2025 vedtok ny strategi i desember 2025



FRAMTIDSFYLKET  
VESTLAND

Årsrapport 2025

# Tenester, produkt og aktivitet



## Trainee

2024

2025 24 traineeear

- 35 stillingar utlyst
- 650 søkarar
- 19 er framleis i jobben

2025

2026 23 traineeear

- 32 stillingar utlyst
- 800 søkarar
- Frå Måløy til Odda



Programmet skal bidra til å auke verdiskaping og innovasjonsevna til bedriftene og organisasjonane som deltek. Vi har fokus på at eigen motivasjon, verdi, sjølvinnst, relasjon skal bidra at ein får ein god start på arbeidslivet og leverer lønsemd for arbeidsgjevar. Mentorprogrammet for arbeidsgjevar har som mål å bidra til at traineen blir tatt godt i mot og tatt vare på, gjeve ansvar og moglegheiter.

## Fag og utviklingsprogram 2025/2026

### Eit godt arbeidsliv

Jobbsjokket - ei utviklingsreise med fokus på sjølvinnst, trygghet, tillit og relasjonskompetanse

Team: Korleis bli ein god lagspelar og bidra til samhandling



FRAMTIDSFYLKET  
VESTLAND

### Nyttige verktøy

- Presentasjonsteknikk
- Møteleiing
- Mangfaldsleiing
- Bli di eiga drivkraft
- Digital arbeidsplass
- Endringsleiing og innovasjon

### Nettverking

- Erfaringsdeling
- Bli ein vestlandsambassadør
- Venskap
- Møte med næringsliv
- Møtem med lokalsamfunn
- Sosiale samlingar
- Utandørs aktivitetar

# Event



**FOLKA -rekrutteringskonferansen** har etablert seg som den viktigaste møteplassen for ny kunnskap innan rekruttering for arbeidsgjevarar.

**Årets tema :** 4 generasjonar, eitt arbeidsliv

Vi lanserte også FOLKA- prisen som skal gå til ein arbeidsgjevar som leverer på årets tema. Vinnaren i år var **Lerum**

**Deltakaratal: 130 personar.**



**Deltakartal:**

**Messedag: 70 standar og 1000 besøkande**

**Bankett : 10 bedrifter 230 deltakarar**

Vi arrangerte denne i lag med

Studentorganisasjonen Springbrettet for første gang og løfta deltakartalet til rekord

## Andre møteplassar vi har arrangert og deltatt på

- Elevate - karrierefestivalen i sunnfjord, eit samarbeid med Sunnfjord utvikling
- Studentreise til Kinn og Bremanger - samarbeid med HVL
- Hackaton for studentar ved HVL - PEAK Sunnfjord
- NTNU Trondheim i lag med bedrifter frå Hardanger, Sogn og Sunnfjord
- HvL i Sogndal
- Nordfjordtreffet
- Pop-up stands, HVL Haugesund, UIT (Tromsø), Florø og Why Voss under Ekstremsportveko

# Medlemstenester

Framtidsfylket har som mål at våre kundar skal oppleve å nå arbeidsmarknaden betre om dei kjøper tenester av oss. Vi takkar våre kundar for godt samarbeid i 2025.

Vi leverte i fjor Sommarjobb i Vest- kampanjen for Vestland Fylkeskommune, NHO Vestland og NAV Vestland som resulterte i 25% auke i tal stillingar i 2025!

### Våre tenester

- Traineeprogram
- Mentorprogram
- Kurs og konferansar innan rekruttering
- Rådgeving innan Employer branding
- Marknadsføring under merkevara #vestlandslivet
- Innhaldsproduksjon/ tekst bilde for eigen bruk



# Kommunikasjon og rekkevidde

At jobbkandidatar finn fram til karrieremoglegheiter og attraktive lokalsamfunn i regionen er det overordna målet for kommunikasjonen i alle våre kanalar.

Framtidsfylket har Vestland fylke sin einaste og største kommunikasjonskanal mot arbeidmarknaden i Norge. Heile året leverer vi gode historier til jobbkandidatar innan karriereval og place branding.

## Mål: Fleire skal velge å arbeide og bu i Vestland fylke



### Sosiale medium

565%  i snitt



**Facebook:** 7,1 mill visingar

Samhandling 41 900  191%

Auke i bruk  76,5 %

Auke i Reels  1900%



**Instagram:** 207 300 visingar

Rekkevidde 298 800  837%

Samhandling  100 %

266 historier og 86 innlegg.  38%



**LinkedIn:** 108 987 viningar

1880 reaksjonar

100 innlegg publisert



**Nyheitsbrev**

Vi har sendt 14 nyheitbrev til jobbsøkar og 19 til arbeidsgjevar. 16 004 har opna desse

### Nettsida



**Nettsida:** 250 000 var innom vår nettside i 2025

Traineestillingane 2024 og 2025 blei publisert i desember i 2024 og gav mykje trafikk inn i 2024 så vi fekk ein liten nedgang. Samstundes har Google hatt ei opprydding som gir meir relevant trafikk inn, men kanskje ikkje auka rekkevidde. I tillegg genererte vi 50 000 visningar inn til Sommarjobb i Vest.no i kampanjeperioden.

### Pressedekning



Vi har hatt saker i nyheitsmedia i heile fylket i 2025

23 saker har vore på trykk og i radio. I tillegg har traineeane fått mykje merksemd.




FRAMTIDSFYLKET  
VESTLAND

Årsrapport 2025

## 4. Våre prioriterte berekraftsmål

*Det er 17 berekraftsmål og totalt 169 mål. Sjølv om alle er viktige og heng saman med kvarandre, så er nokre meir relevante for vår verksemd.*

Denne delen viser kva berekraftsmål vi prioriterer, og gjer greie for korleis dei heng saman med vår strategi og våre mål. Vurderinga er gjort gjennom ein workshop der tilsette har identifisert kva dei og andre interessentgrupper meiner er vesentleg for oss. Vi har mål om å involvere fleire interessentgrupper i vesentlegheitsanalysen i 2022.



### Mål nr. 8

Dette målet handlar om anstendig arbeid og økonomisk vekst. Det er vesentleg for oss fordi vårt hovudmål er vekst og verdiskaping for Vestland gjennom rekruttering av kompetanse og arbeidskraft. Vi gjer det gjennom traineeordning, karrieremesser, jobbportal og historiefortelling om livet i Vestland.



### Mål nr. 10

Dette målet handlar om å redusere ulikskap blant folk og regionar. Det er relevant for oss fordi vi bur i eit område der sentralisering, demografiutvikling og mangfald er utfordrande. Vi har som mål å bidra til innovasjon og utvikling i Vestland gjennom våre nettverk.



### Mål nr. 13

Dette målet handlar om å stoppe klimaendringane. Vi skal bidra med bevisstgjerings om berekraft blant våre medlemmer, i karrieremesser og i våre traineeprogram. Vi skal støtte berekraftige initiativ i våre nettverk og partnerskap. Vi skal vere bevisste på våre eigne klimautslepp og sette oss mål for å redusere omfanget av eigne og andres utslepp.



### Mål nr. 17

Dette målet handlar om samarbeid og partnerskap om å nå måla. Samarbeid om vårt samfunnsoppdrag har alltid vore viktig for oss. Dette skal vi bruke for å bidra til berekraftsmål. Her vil vi særleg samarbeide med våre medlemmer, bedrifter, kommunar, Vestland fylkeskommune og andre interessentgrupper.

